

# MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Radøy kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/3862 - 16/22693

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

24.08.2016

## GODKJENNING AV GRINDHEIM FAMILIE- OG GARDSBARNEHAGE - ETTER FORSKRIFT OM MILJØRETTA HELSEVERN I BARNEHAGAR OG SKULAR

15. august 2016 opna Grindheim familie- og gardsbarnehage.

Grindheim familie- og gardsbarnehage er ei familiebarnehage som er oppretta i kjellarleilegheita i våningshuset på garden til Jeanette Villanger Håland og Stig Andre Grindheim på Grindheim.

Søknad vedrørende godkjenning etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*, vart sendt 8.6.16 (ref. 14/3862 – 16/16443). Det vart utført tilsyn og vurdering av barnehagen den 14.7.16. Barnehagen var ikkje ferdigstilt og nytt tilsyn vart avtalt. (ref. 14/3862 – 16/2009).

Ei familiebarnehage kan godkjennast for maksimalt 5 barn over 3 år. Ein heim som er egna for det, kan godkjennast for dobbel gruppe med maksimalt 10 barn over 3 år som er tilstade samstundes. Er fleirtalet av barn under 3 år, må tal barn reduserast (*Forskrift om familiebarnehagar § 4*).

### ➤ **Tilsyn og vurdering**

Den 22.8.16 gjennomførte Miljøretta helsevern ved teknisk-hygienisk ingeniør Grethe Elin Mjelde eit tilsyn etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*, i Grindheim familie- og gardsbarnehage. Jeanette Villanger Håland møtte for verksemda.

Grunnlag for tilsynet er *forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.* samt helsedirektoratets rettleiar til forskrifa "Miljø og helse i barnehagen" (IS-2072).

Tilsynet vart utført for å vurdere godkjenning etter forskrifta.

Grindheim familie- og gardsbarnehage har i dag 7 barn, der 5 er under 3 år og 2 er over 3 år.

Det er 3 tilsette, der 2 er i 100% stilling og ein pedagog i 40 % stilling.

Det er oppretta eit samarbeid med Prestmarka barnehage.

---

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 57 70

Telefaks +47 56 37 50 01

Grindheim familie- og gardsbarnehage har eit leike- og opphaldsareal på ca. 65 m<sup>2</sup>. Rettleiande arealnormer tilseier eit areal på 4 m<sup>2</sup> for barn over 3 år. Grindheim familie- og gardsbarnehage har dermed tilstrekkeleg leike- og opphaldsareal, samt tilrettelagt uteareal.

Grindheim familie- og gardsbarnehage har eit tilrettelagt inne- og uteareal for brukargruppa, men manglar universell utforming (for rørslehemma).

Det vart søkt om dispensasjon frå forskriftas § 9; Kravet om universell utforming (for rørslehemma).

Dersom det vart avdekkta avvik (ved seinare tilsyn), kan dette krevjast retta etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 26 og Folkehelseloven § 14.

## ➤ Vedtak

### § 26 Verkemidlar og dispensasjon

Grindheim familie- og gardsbarnehage vert gjeve dispensasjon frå forskriftas § 9 om universell utforming, inntil det ev. vert behov for å legge til rette for personar med nedsett funksjonsevne.

### § 6 Godkjenning

Etter delegert mynde frå Radøy kommune, vert Grindheim familie- og gardsbarnehage godkjent etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* for dobbel gruppe (inntil 10 barn over 3 år).

Vurdering om godkjenning vert gjeve etter søknad om godkjenning og tilsyn den 22.8.16.

Dersom barnehagen vert flytta eller endra utan at Radøy kommune har godkjent forholdet, fell godkjenninga vekk.

Vedtaket er heimla i Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6.

Med helsing

Grete Fosse  
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Om klage over vedtak:

Etter forskrifa § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Radøy kommune, og må sendast via Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

Link til forskrift og veiledning:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1995-12-01-928>

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-barnehagen/Sider/default.aspx>

**Kopi til:**

Helge Vallestad

Jarle Landås

Radøy kommune

Tonje Epland

